



Haugland-jegarane felte heile kvota og her er ein av hjortane som vart skote. (Foto: Jane Haaranes)

Uskedalen kom ut med ein fellingsprosent på 78,4 i hjortejakta dette året, men dei lokale variasjonane var store, opplyser viltforvaltar Leiv Trygve Varanes til uskedalen.no

Faktisk varierte fellingsprosenten imellom 60 og 100. På botnen av statistikken ligg Fjellandsbø med 60 medan Haugland toppar med 100.

Varanes kan ikkje peika på nokon bestemt grunn til at variasjonane er så store utanom at einskilde vald har sterkare beitepress frå hjorten enn andre og at mange av dei skotne dyra difor har vore å finna lettare tilgjengelege - på innmark.

Det gjeld ikkje minst Haugland, som felte heile kvota. I den inngjekk det også mange skadedyr som vart teke ut på innmark før sjøve jakta.

På Skorpo var det ein fellingsprosent på 75 dette året medan den enda på 71,4 på Ljosnes og 85,7 på Rød.

Kjærland, Myklebust og Ytre Rød hadde 84 og Musland 81 medan Ytre Feet og Eik enda på 66,7 og Øvre Feet og Døssland på 65,4

Av Ola Matti Mathisen